

Møteinnkalling

Utval:	Ungdommens fylkesutval
Møtestad:	Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset, Agnes Mowinkelsgate 5
Dato:	22.11.2017
Tid:	17:30

Program

Kl 17:30 Saksbehandling

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Ungdommens fylkesutval. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Håkon Kongsvik
leiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 69/17	Godkjenning av innkalling		
PS 70/17	Godkjenning av sakliste		
PS 71/17	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 72/17	Referatsaker (meldingar)		
RS 7/17	Uttale frå UFU om fylkesrådmannens forslag til budsjett for 2018	2017/2777	
PS 73/17	Evaluering av nettverkssamling 2017	2017/2777	
PS 74/17	Førebuing til UFT 2018	2017/2777	
PS 75/17	Ymse		

PS 69/17 Godkjenning av innkalling

PS 70/17 Godkjenning av saksliste

PS 71/17 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

PS 72/17 Referatsaker (meldingar)

Innspel til budsjett 2018

Ungdommens fylkesutval (UFU) legg merke til at det vert sett av kroner 310.000. UFU ynskjer å auke det frå 310.000 kroner til 320.000 kroner, grunna at ungdomssatsing i fylket er særskild viktig. Samanlikna med andre tilsvarande medverknadsorgan har Ungdommens Fylkesting i Hordaland eit budsjett som ligg under gjennomsnittet. Me ynskjer og å styrke sambandet mellom dei vestlege fylkeskommunale medverkingsorgan for ungdom samt å kunne delta på fleire relevante konferansar og UFT i andre fylkeskommunar, difor treng me ein større pott enn den me har fått tildelt.

Opplæring og helse

UFT ynskjer at det skal gis fleire midlar til rådgjevingstenesta i den vidaregåande skulen. Me ynskjer at talet rådgjevarar, samt deira stillingsprosent og tilgjengelegheit, skal reflektera talet elevar ved skulen dei er rådgjevar på. Me meiner og at uavhengig av elevtalet bør skulane ha ein rådgivar med minimum 70% stilling. UFT ynskjer dette fordi vi ungdommen har erfart at rådgjevingstenesta i den vidaregåande skulen er for svak per dags dato.

UFT meiner at det bør gjevast fleire midlar til skulepsykologar, helsesøsterordninga og miljøterapeutar i den vidaregåande skulen. Dette er midlar det er sterkt behov for, då me ynskjer at det skal vera ein helsefagarbeidar til stades på alle vidaregåande skulane i fylket kvar dag. Dette vil skape eit betre psykososialt miljø som vil føre til betre tryggleik hjå elevane, som igjen vil skape trivsel. Dette vil hjelpe oss nærare målet om den optimale skule.

UFT meiner at det bør gjevast fleire midlar til tannhelsetenesta slik at ein kan utvide tilbodet om gratis tannhelseteneste til 20 år og utvide rabattordninga til fylte 25 år. Det er mange i denne alderen som ikkje har ein så veletablert personøkonomi at dei har moglegheit til å finansiere store helseutgifter som tannlege.

UFT meiner at det bør gjevast meir pengar til dei vidaregåande skulane i fylket slik at elevane slepp å betale utgifter som ikkje er dekkja av grunnstipendet. Eksempel på slike utgifter er kopi-og utskriftsavgifta som er ved nokre vidaregåande skular og at dei som er innanfor ungdomsbillettområdet skal få fri skuleskyss slik som dei utanfor området.

Miljø og samferdsel

UFT meiner at ungdomskortet ikkje skal overskride 45% av prisen for periodeskyss for vaksne per månad. Ein noverande takst på 46,7% vil auke til 50%, og overskrider dermed prisen for periodeskyss for vaksne per månad. Vi meiner at dette er feil veg å gå om ein ynskjer å gjere kollektivtransport attraktiv for ungdom. Ei slik prisauke i kollektivtransporten vil gjere det lettare å velja bil framfor kollektivtransport, og vil resultere i auka forureining. Vi meiner at vegen å gå er at det heller skal

lønne seg å ta kollektivtransport, og at det heller skal bli dyrare å velje den ikkje miljøvenlege framkomstmetoden.

UFT meiner at ein ikkje bør senka aldersgrensa på ungdomskortet frå 20 år til 19 år. Mange av 19 åringane i dag går fortsatt i den vidaregåandeskule og er ikkje under foreldra lengre. Når kollektivtransport er den einaste moglegheita å komme seg til skulen på, så kan dette bli ein tøff utgift å dekke.

UFT meiner at vi må legge ekstra stor vekt på trafikksikring i fylket. Vi vil auke midlane til trafikksikring, og ikkje opprethalda slik som budsjettet er i dag. Dette grunnar vi med at satsinga på trafikksikring er bra, men vi meiner at den bør bli betre og det kan gjerast gjennom ei auke i budsjettet.

Kultur, idrett og Regional utvikling

Ungdommens fylkesting ynskjer at det skal bli sett av midlar for å utvide kulturtilbodet i den vidaregåande skulen i fylket. Ungdom i fylket får heller ikkje fullt utbytte av kulturtilboda i fylket av den grunn at få unge veit kva for tilbod som finnes. Vi meiner at løysninga er ein kulturapp som gjer det lettare for ungdom og få informasjon om kva for kulturtilbod som finnes i fylket. Digitalisering er nødvendig for å nå ut til ungdom, og på best mogleg måte fremme de ulike kulturtilboda.

Ungdommens Fylkesting ynskjer også at opningstidene på museum i Hordaland blir utvida, og det er derfor ynskjeleg med ein større aukning i midler til museumsloft. I dag har dei fleste museuma opningstider som gjer det problematisk for ungdom å ta i bruk dette kulturtilbodet. For eksempel i skoletid. Det er viktig å legge til rette for at kulturlivet er tilgjengeleg for alle, og UFT ynskjer derfor at noen av midlene skal gå til å utvide opningstidene på museum i fylket. UFT ynskjer også at offentlege bygg skal bli lettere tilgjengeleg for utlån, som flere opne idrettsfasiliteter og gratis øvingslokaler for utvikling av musikkmiljøet. Det vil gi mulighet og fremme aktivitet blant unge på et lavterskelnivå, der en ikke behøver å være del av et lag el. for å bruke anlegga, og møte andre unge. Vi ynskjer også å kommentera at vi synes det er svært bra at Ung Kultur Møtas (UKM) har fått meir midler i forslaget



Arkivnr: 2017/2777-23
Saksbehandlar: Andreas Skretting Jansen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	73/17	22.11.2017

Evaluering av nettverkssamling 2017

Samandrag

Nettverkssamling 2017 vart gjennomført med ca 65 deltakarar frå Ungdommens fylkesutval, kontrollkomiteen og representantar frå eit fleirtall av kommunane i Hordaland. Arrangementet vart held på Scandic Bergen Airport 4.-5. november.

Programmet for helga var fokusert rundt to hovudtema: framtidens skule i og framtidens klima i Hordaland. Samlinga hadde to eksterne innleiarar og vart opna av fylkesordføraren. Representantane frå UFU gjennomførde også fleire workshops med deltakarane frå dei kommunale ungdomsråda.

For å gjere nettverkssamlinga enda betre i 2018 er det viktig med ein god evaluering, og under er noen aktuelle tema som kan diskuterast:

- Hotellet
- Mat
- Konferanserom
- Program
- Deltaking frå kommunane
- Deltaking frå Ungdommens fylkesutval
- Resultat frå arrangementet
- Sosialt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Bertil Søfteland
Leiar fylkessekretariatet

Andreas Skretting Jansen
førstekonsulent

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Arkivnr: 2017/2777-24
Saksbehandlar: Andreas Skretting Jansen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	74/17	22.11.2017

Førebuing til UFT 2018

Samandrag

Ungdommens fylkesutval har ansvar for å arrangera Ungdommens fylkesting 2018. For å gjere dette må UFU fastsette dato for tinget. Administrasjonen anbefaler helga 9.-11. eller 16.-18. februar 2018.

UFU bør og starte prosessen med å leite etter menneskar som kan innleie eller fungere som ordstyrarar eller valkomité.

Utvalet bør og diskutere prosess rundt eit nytt ungdommens planprogram, og korleis ein vil fornye dette.

Forslag til vedtak

Det vert ikkje fremma forslag til vedtak i saka

Bertil Søfteland
Leiar fylkessekretariatet

Andreas Skretting Jansen
førstekonsulent

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

PS 75/17 Ymse